



MANDAT FOR ARBEIDSGRUPPE

SAMANSLÅING AV KOMMUNANE GRANVIN OG VOSS, ØKONOMIFUNKSJON OG ØKONOMIRUTINAR

Godkjend av administrativ styringsgruppe 8.9.17

Namn på arbeidsgruppa: Økonomi.

Bakgrunn og overordna mål for prosjektet

Granvin herad og Voss kommune skal gjennom ein samanslåingsprosess, saman skal me byggja Nye Voss kommune. I den samanheng skal alle sider ved drifta vurderast på nytt.

Førebels fellesnemnd har slutta seg til styringsdokument og ein overordna prosjektplan for etablering av Nye Voss i 2020. Det er bestemt at det skal opprettast arbeidsgrupper etter organisering av tenestene i Voss kommune. Innan økonomi er det

- Plan for samkøying av budsjett- og rekneskapssystem.
- Rutinar/reglement og internkontroll.
- Anskaffelsar og innkjøp.
- Skatt og fordringar.

Konkrete mål for arbeidet

Budsjett og rekneskapssystem med ny kontoplan må vera på plass våren 2019.

Økonomiplan for 2020-2024 skal vedtakast våren 2019

Nye økonomi og finansreglement skal vedtakast hausten 2019

Samordna alle innkjøpsavtalar.

Vidareføra og samordna internkontrollarbeidet.

Oppgåveskildring

- Lage plan for samkøying av budsjett og rekneskapssystem. Lage ny kontoplan.
- Reglement i dei to kommunane som må koordinerast og vedtakast på nytt.
- Samordning av internkontroll.
Samordning av eigedomsskatt, fakturering og innkrevjing
Samordna innkjøpsavtalar og innføra e-handel
- Prioritere omfang på prosess for dei ulike retningsliner mv. og vurdere kva som er viktigast å få på plass først, laga oversikt på kva som skal vedtakast av fellesnemnda og kva som kan vedtakast administrativt.
- Lage milepelsplan for arbeidet

Organisering av arbeidsgruppa

- Prosjekteigar Administrativ styringsgruppe/Prosjektleder for nye Voss
- Styringsgruppe Leiargruppe for Granvin herad og Voss kommune



Nye Voss 2020

- Leiar for arbeidsgruppa økonomisjef i Voss kommune Eilev Aalvik
- Representant for tillitsvalde
- Minst 2 av representantar skal vera frå Granvin herad
- Gruppa vel sjølv referent
-
- Undergrupper
 - Budsjett, rekneskapssystem og kontoplan
 - Rutinar, reglement og internkontroll
 - Innkjøp
 - Fakturering kommunale krav, eigedomsskatt og innkrevjing
 - Skatteinnkrevjing

Rammevilkår

Tidsramme: frå 1. august 2017 – til 1. desember 2019

Tidsplan:

Start prosjekt	01.08.2017
Godkjend mandat	01.09.2017
Tidsplan/ aktivitetsplan for delprosjektet	01.11.2017
Kartleggingsdokument	01.09.2018
Overordna administrativ og politisk organisasjonsstruktur	01.08.2018
Framlegg framtidig organisering av tenesta	01.12.2018
Sluttrapport	01.12.2019

Oppfølging av arbeidet

- Kostnader:** Det er ikkje budsjettert kostnader i prosjektet utover tid for prosjektdeltakarane.
- Ressursbruk:** Det vert ført timerekneskap for dette prosjektet. Omkostninga skal synleggjerast for fellesnemnda.
- Rapportering:** Det skal vera eit oppstartsmøte mellom prosjekteigar og leiar for arbeidsgruppa i samband med godkjenning av mandat for arbeidsgruppa . Det skal rapporterast slik til prosjekteigar:

Status/ Internt notat:

- Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.1.2018
- Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.4.2018
- Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.10.2018
- Utvida status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.04.2019

Avvik frå tidsplanar og faglege/administrative avgjerder som ligg utanfor prosjektet sitt ansvarsområde skal handsamast av prosjekteigar.